

Fareskilt og blinkande lys mot hjorten?

18.04.2009

I den seinare tid har det vore fleire påkjørslar av hjort på Stripo ved Husnes, men også Uskedalsområdet er sterkt utsett for desse tragediane.

Difor er eit forslag frå studieleiar Widar Sahr i Kvinnherad jeger og sportsfiskarlag interessant også sett herifrå.

Det er ikkje mogeleg å hindra hjorten i å kryssa vegar for å finna grønt gras, men Sahr meiner trafikantane må gjerast merksame på dei utsette strekningane.

Han peikar få at det mellom Ølen og Etne også er ein slik vegstrekning og der har dei skilt om ekstrem hjortefare og to blinkande lys under. Lysa slår seg på automatisk på visse klokkeslett.

- Ingenting må vera uprøvd, skriv Sahr i eit brev til kommunen. Han ønskjer tilsvarande skilting også i vår kommune.

Av Ola Matti Mathisen